

Ekstraordinært Årsmøte i Stokkenes Golfpark SA 2022

Årsmøtet vart halde på Nordfjord Hotell, torsdag 27.10.2022 frå klokka 19.00 til 19.30. Det var totalt 8 frammøtte, inklusive styremedlemmar. Møtedeltakarane vart ynskte velkommen av styreleiar Kent Tryggestad.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden
2. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å skrive under protokollen.
3. Behandling av kjøpsavtale (nærmare informasjon blir gitt i møtet)

Protokoll for Stokkenes Golfpark SA

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.

Innkalling til ekstraordinært årsmøte og sakliste ble lagt ut på Nordfjord GK sin heimeside i tillegg til Facebook den 13.10.2022.

Vedtak: Innkalling og dagsorden ble samrøysta godkjent.

2. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å skrive under protokollen.

Møteleiar:	Kent Tryggestad
Referent:	Joar Sæten
Protokollunderskriving:	Joar Sæten og Finn Haugland

Vedtak: Val av møteleiar, referent og to til å skrive under protokollen vart samrøystes vedteke

3. Behandling av kjøpsavtale.

Styreleiar informerte om avtale inngått med ein av grunneigarane som SGP leiger areal av til golfbane. Avtale om kjøp av areal til gnr. 48, bnr. 2, fnr. 1, i Stad kommune er inngått med Svein Inge Fjørtoft.

«Overdragelsen omfatter hele festetomten for utenom areal som omfatter garasje og rundt garasje til gbnr. 48/2 samt tilhørende uteareal, nærmere merket i skisse under. Tomten er selveiet. Selger garanterer at eiendommen vil bli overdratt fri for pengeheftelser.

Arealet er på i overkant av 52.000 kvadratmeter i følge matrikkel. Det er ein føresetnad for gjennomføring av denne avtalen at frådeling vært godkjent av kommunen, og at


gjeldande festeavtale vært sletta. Dersom søknad om frådelling ikkje er godkjent av Stad kommune og gjennomført innan 2 år frå underskrift står partane fritt til å heve avtalen.

Avtalt kjøpesum er NOK 800.000 + omkostningar til staten på ca kr. 20.000,-. I tillegg skal kjøpar dekke kommunale gebyr for søknad om frådelling og oppmåling og utgifter til advokat på til saman ca kr. 65.000,-


Kjøpesummen er tenkt finansiert delvis med eigenkapital og delvis med lån i Sparebanken Vest, som er golfklubben sin hovudsponsor. Årlege lånekostnader er forventa å ligge på tilsvarende nivå som dagens leigekostnad.

Vedtak: Ekstraordinært årsmøte gir hermed styret i Stokkenes Golfpark fullmakt til å gjennomføre kjøp av areal på gnr. 48, bnr. 2, fnr. 1 i Stad kommune i henhold til avtale. Vedtaket er samrøysta.

Nordfjordeid, 27. oktober 2022



-Joar Sæten-



- Finn Haugland -